Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Beitostølen Hytteforening

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkiv:	Vår dato:
	TUVKJE - 21/9594	201811, L12, Finntøpplie, 3/3, 3/998, 3/1235, 3/7, 3/15, 35	24.09.2021

Finntøpplie - svar på spørsmål om skiløype

Takk for innspel !

Eg reknar med at BH har kart over reguleringsplanar, men legg med eit kartutsnitt likevel. Å legge skiløype i eit område som Beitostølen er særs krevjande, då kravet til denne infrastrukturen mange stader kjem etter at bygging er utført. Av og til må ein akseptere at løysingane ikkje er heilt optimale. Løypetraseane ligg no, som de ser i reguleringsplanar, og skal etter kommunen si vurdering vera brukande. Grunneigarutfordringar finn ein stort sett over alt når det gjeld infrastrukturtiltak. Vi kan vera samde i at ski-undergangar kan gje nokre utfordringar, men truleg ikkje større enn at dei går an å leve med. Eg minnast at det var mange hytteeigarar som melde attende til kommunen då ein skulle bygge skibru oppe ved Garli at ein undergang var å føretrekke og at det ville gje ei fullgod løysing. Slik sett er det mange syn på ulike tiltak. Løypa er tenkt lagt i T1, og det du etterlyser av grunneigarinfo og kva terrenginngrep som må gjerast ,vil sjølvsagt bli utført før eit slikt arbeid tek til. Ei omlegging av skiløype ved Finntøppvegen vil stoppe all framdrift i området, og vil vera lite aktuelt no når planen er vedteken.
Vi set stor pris på at dette er eit tema som engasjerer mange, og om BH har gode innspel til og alternativ til skiløypetrasar i dette området vil det bli sett pris på og vurdert. Kommunen vil varsle oppstart på en ny arealdel til kommuneplanen. Det er ein god moglegheit for synspunkt og idear. Framtidige skiløypetrasear vil vera eit viktig tema i Beitostølsområdet.

Med helsing

Kjell Håvard Tuv
Leiar næring plan og byggesak

Sentralbord:	Dir. telefon:	Org.nr:	E-mail:	Heimeside:
61 35 25 00	61352527	961382068	kjell.havard.tuv@oystre-slidre.kommune.no	www.oystre-slidre.kommune.no



Med helsing

Kjell Håvard Tuv
Leiar næring plan og byggesak

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.